

# Jutusen

Årsskrift frå Vågå Historielag  
2010 / Årgang 14




# Jutusen

Årsskrift frå Vågå Historielag  
2010 / Årgang 14

Redaktør: Knut Raastad

Framsidefoto:  
Ole og Johan Øvstdal på Vågåvatnet.  
Utlån Romsdalsmuseets fotoarkiv.

Oppsett og tilrettelegging for trykk: Visus, Lom.  
Trykk: Dalegudbrands trykkeri.



FINNA BRO, Vaage.

G. B. Nr. 10

# Innhald

Petter Pettersson: Frå fjordbygd til fjellferje	side 6
Even Luseter: Wergeland og Ole Håkenstad	side 11
Trond-Ole Haug: Nokre tolkingar av namn i Vågå	side 12
Ivar Teigum og Knut Raastad: Skinnbrev på uppigard Kvarberg	side 16
Per Jordhøy, Runar Hole og Endre Hage: Ein fangstgradient i særklasse	side 18
Hanne Lovise Aannestad: Oldsaksamling i Vågå	side 24
Eirik Haugen: Vagvere i Amerika	side 36
Kirsti Krekling: 17.-maivesten i Jutulheimen	side 40
Knut Raastad: Vassvegar – gamle kulturminne	side 42
Nordherad i målarkunsten	side 46
Tor Stallvik: Brevveksling mellom Theodor Caspari og Ivar Kleiven	side 50
Gunnar Ottosen: Kapellaner i Vågå sogn	side 56
Vågå Historielag: Årsmelding 2009	side 62

Redaktør: Knut Raastad

# Fra fjordbygd til fjellferje

av Petter Pettersson, frilans-journalist i Molde

Kvar sommar tek meir enn 30000 turistar båt på Gjende i Jotunheimen, anten mellom Gjendesheim og Memurubu for å gå Besseggen, eller til Gjendebu i vestenden for andre utflukter. Båten har trafikkert fjellsjøen sidan 1906.

Det få kjenner til, er at det vesle reiarlaget som trafikkerer Gjende, blei starta av og heile tida har vore eigm og drive av folk med bakgrunn frå Romsdal, nemleg familien Øvstedal, som har røter frå Øvstedal inst i Tresfjorden. Korleis hadde det seg at Ole Bårdson Øvstedal (opphaveleg Øverstedal) frå den vesle bygda Tresfjord hamna i Vågå og etablerte rutefart på Gjende for over hundre år sidan?

## Frå Tresfjord til Vågå

Då Ole var to år, døydde mora, og eit par år etter gjekk faren òg bort. Ole blei teken hand om av slektingar i bygda. Mange år seinare drog syskenbarnet til Ole, Johan Øvstedal, og kona hans Hanna frå Tresfjord til Hannas fødestad Hanekamhaug ved Åndalsnes, og derfrå via Sel til Vågå, der Johan etablerte seg som byggmeister. Kari Øvstedal, enkja etter sonen Harald, er ei uvanleg klar og vital dame på 88 år. Ho trur familien reiste frå Øvstedal fordi det var vanskeleg med utkomma i den vesle bygda. Byggmeister Johan Øvstedal fekk mange store oppdrag i Vågå-området. Han henta og tilsette sambygdingar og slektingar frå Tresfjord – mellom dei Ole, som i folketeljinga frå 1900 står oppført som tømmermann og medlem av hus-



*Den første Gjendebåten 1955. Foto frå Gjende.no*



I 1931 tok Harald Øvstedal (i midten) over drifta på Gjendebåtane og var ansvarleg heilt fram til langt ut på 60-talet da sonen Kåre tok over. Dette biletet er frå før den fyrste båten vart restaurert og påbygd i 1930.

Til venstre Ola Groven. Foto frå Gjende.no

standen til Johan på garden Brumoen i Vågå. Fleire av fjordfolket busette seg i Vågå og Lom for godt, mellom andre Knut Villa. I Amerika hadde han møtt Inger Øiom frå Vågå og gift seg med henne. Dei reiste heim og kjøpte gard i Vågå, der sonen Kristian seinare bygde Villa Hotell.

Romsdalingane var vande med at fjordane var ferdselsårer, og båten var bindeleddet mellom bygdene. Båt var òg framkomstmiddlet på innlandsvatn som Eikesdalsvatnet, Femunden og sjølv sagt Mjøsa. Då Ole Øvstedal slo seg ned i Vågå og gjorde seg kjend i fjella og dalane i området, såg han nok at den vakre innsjøen Gjende kunne minne om ein vestlandsfjord. Skepsisen i fjellbygdene var stor då han lanserte ideen om rutebåt på vatnet. Den store fjellsjøen hadde lenge gitt inntekter til folk som rodde turistar mot betaling. Ifølgje Reisehaandbog for Gudbrandsdalen frå 1905



*Jutulen. Foto fra Gunnar Sandbo.*

var prisen for å bli rodd dei rundt to mila frå Gjendesheim til Gjendebu 3,20 kroner. Ole Øvstedral skjønte at aukande turisttrafikk og ferdiesel over Gjende kunne gi grunnlag for ei ny næring.

Parallelt med dette blei det sett passasjerbåt på Vågåvatnet. Initiativtakaren var Knut Villa, som i 1906 etablerte båtrute mellom Vågå og Lom/Skjåk saman med vagværane Anders Aasheim, Ivar Sande og Jørgen Storvik. Hjulbåten Jutulen blei bygd på Tessand i Vågå med hjelp av erfarne folk frå fødebygda til Villa, Anders Stenødegård og Lars Salthammer. Etter kvart blei konkurransen frå bilen for stor, og i 1916 blei Jutulen hoggen opp. Berre styrhuset fekk leve vidare – som utedo på garden Storviksøygarden i bygda.

### **Første rutebåten på Gjende**

Trass i all skepsis sette Ole i gang på Gjende. Han brukte snikkar-erfaringa til å byggje båt og bryggjer. Utstyr og materal blei frakta opp Sjodalen med hest om vinteren. Lokalbefolkningen hadde ikkje erfaring med denne typen byggjarbeid, men rundt Tresfjorden fanst det både tradisjonar og nødvendig kompetanse. Til liks med Knut Villa og syskenbarnet Johan henta Ole nødvendig hjelp derfrå. Byggjeleiar var Kristian Salthammer frå Vestnes. Parallelt med båtbygginga blei det bygd bryggjer

ved Gjendesheim, Memurubu og Gjendebu. Materiala til bryggene innover vatnet blei slepte etter robåtar.

I 1906 blei "M/S Gjende" sjøsett ved Gjendeosen. Den første tida gjekk båten etter behov, med både folk, varer og krøtter. I 1911 kosta det 2,75 kroner å ta turen over fjellsjøen. Båten var bygd i furu og hadde innabords motor. Drivstoffet var truleg parafin, og startsigarettar og loddelampe var nødvendig for å varme opp og få i gang motoren. Kapasiteten var 28 passasjerar, og turen til Gjendebu tok to timer. Det var gjordt godt snikkararbeid, for båten trafikkerte Gjende fram til 1956.

Ole Øvstedal var barn- og kjerringlaus. Han var glad i fjellet og i jakt og fiske. I 1909 bygde han hytte ved Gjendeosen, og der var han mykje, men sommaren og båtsesongen var kort. Kanskje blei det einsamt etter kvart? Ole flytte i alle fall tilbake til Tresfjord, og der døydde han i 1920. Då overtok Johan Gjende-båten.

Johan var ein travel mann. Ved sida av omfattande byggmeisterverksemd var han ordførar i Vågå frå 1917 til 1931, så han måtte engasjere andre – folk både frå Vestnes og Vågå – til å ta seg av båttrafikken.

### **Nye generasjonar og større båtar**

Turisttrafikken auka, og i 1930 blei Anders Sandvik henta frå Vestnes for å utvide båten. Det blei bygd kahytt, lengda auka med to meter, motoren blei skift, og det blei installert toalett med handpumpe. Kapasiteten var no 35 passasjerar.

Året etter overtok Harald Øvstedal (1909-1969) drifta. Bilvegen til Gjendesheim gjennom Sjodalen og vegen over Valdresflya førte til ei eksplosiv utvikling av turisttrafikken. I 1956 blei "MB Gjende II" sjøsett. Båten var registrert for 64 passasjerar. Han var bygd ved Skorgenes Verft på Vestnes og blei først transportert med slep til Åndalsnes, så med tog til Otta og med lastebil til Vågåmo, der han fekk sett inn glas og andre detaljar. Den siste etappen gjekk med lastebil til Gjendeosen.

Biltrafikken auka, og i 1969 blei båten ombygd til å ta 84 passasjerar. No hadde neste generasjon ved Kåre Øvstedal overteke. I 1985 blei båten seld til Loen, og han går framleis på Lovatnet under namnet "MB Kjendal".

I Jotunheimen blei "Gjende II" avløyst av "Gjende III", som var bygd ved Ås Mekaniske Verksted i Vestnes. Båten gjekk først for eiga maskin til Sunndalsøra, så blei han køyrd opp Sunndalen og vidare frå Oppdal til Otta. Derfrå baksidenevegen til Sjoa i Gudbrandsdalen, gjennom Heidal til Randsverk og opp Sjodalen til Gjende. Bakgrunnen for den alternative ruta var at båten ikkje kunne passere jernbaneundergangane i Romsdalen! I 1991 kom det ein tilleggsbåt. "Gjende IV" tok 48 passasjerar og var bygd i Sverige, kjøpt frå Haugesund og køyrd med bil over Sognefjellet.

## **100-årsjubileum med Gjendine**

I 2006 var det hundre år sidan Ole Øvstdal sette "M/S Gjende" på dei grøne fjellsjøbølgjene. Kåre Øvstdal og fjerde generasjon, representert ved sonen Harald Rune, var begge aktive i drifta. Jubileet blei markert med kjøp av ny båt med plass til 100 passasjerar. Båten heiter Gjendine og er oppkalla etter legendariske Gjendine Slålien, som var fødd på Gjendebu i 1871. Ho var mykje i fjellet som budeie og var kjend for den gode songstemma. Det drog Edvard Grieg nytte av. Han møtte henne fleire gonger og brukte motiv frå songane hennar, mellom anna den kjende voggevisa "Gjendines bånlåt".

Ved hundreårsmarkeringa var samferdselsminister Liv Signe Navarsete til stades, saman med mellom andre fylkesmannen, ordføraren og DNT-leiar Kristin Krohn Devold. Bestemor Kari Øvstdal, som då var 86 år gammal, fekk æra av å døype båten.

I dag er altså fjerde generasjon Øvstdal involvert i det vesle eventyret som Ole frå Øverstedal starta på den vakraste fjellsjøen i Norge for meir enn hundre år sidan. Og sommartid leiker femte generasjon på strendene ved Gjendesheim, der Knutshø og Besseggen står vakt rundt grønskimrande vatn. Folket frå fjordbygda har verkeleg sett spor etter seg i Fjell-Noreg.

Kjelder:

Grete Sjurgard: 100 år på Gjende, Kari Øvstdal, Harald Rune Øvstdal, Olav Dahl, Vestnes Sogelag år 2000, Hanna-Kari Thue, Knut Raastad, Knut Ivar Villa, Mathias Øvsteng, Bjørn Austigard. [www.gjendebåtene.no](http://www.gjendebåtene.no)

Artikkelen er også publisert i Fjord1-magasinet 2009.

# Wergeland og Ole Håkenstad

Av Even Luseter

Ola Håkenstad er eit namn som er kjend for dei fleste i Gudbrandsdalen. Han var av den gamle riddar og adelsætta Gjæsling, og var eigar av storgarden Håkenstad oppe i Skogbygdsvegen frå 1805. Ole Haagenstad som han ofte blei omtala som, deltok alt i det fyrste storting som vedtok unionen med Sverige hausten 1814. Då han gav seg i 1842 hadde han delteke i elleve storting, noko som var meir enn dei andre den tida. Med ein så viktig politisk posisjon og ein sterk personlegdom blei storgarden i Vågå eit naturleg reisemål for mange unge skribentar. Og mange kjenner sikkert til dei negative skildringane som Aasmund O. Vinje skriv i boka "Ferdaminne" frå sommaren 1860.

Men nesten tretti år tidlegare var Henrik Wergeland på besøk i Vågå. Og i ei bok som heiter "Avhandlinger og Oplysningsskrifter", gjev han ei langt meir rosande skildring av stortingsmannen. Wergeland omtalar Håkenstad som eit mønster på ein norsk bondestortingsmann, og skildrar lyrisk sundagens kyrkjegang i Vågå slik: "Det var en Høvding der komm da Hvidekofterne veg tilside på kirkevolden, og gav Hågenstad Plads. Det var Oltid og Middelalder i det Øieblikk".

Det går fram av orda nedanfor at lyrikaren hadde stor respekt for storbonden også politisk::

"Ingen er strengere konservativ med hensyn til Grundloven, end Ole Hågendstad. Ingen tåler mindre at der røres ved den. Jeg tror at selv dens Mangler ere ham hellige".

I fire verselinjer frå diktet *Norges Storting*, er det vel heller ingen tvil om kven Wergeland har i tankane:

"Se, der sidder Gudbrandsdalen  
i en gammel gubbe grå.  
Når han reiser seg i salen  
Hører alle fylker på".

# Nokre tolkingar av namn i Vågå

Av Trond-Ole Haug

## Vågå - "ferdavegen"

Bygdenamnet Vågå er skrivi "a Vaga" så tidleg som i 1313. Seinare utover i mellomalderen er skriftformene mange. Dei fleste av dei gamle skrive-måtane, saman med uttala av namnet i dag, fortel at namnet i gamalnorsk tid har hatt forma *Vaga*. Denne forma er etter alt å dømme ei böyingsform av eit hannkjønnsord *Vagi*.

Namnet heng ihop med det gamalnorske verbet *vega*, som betyr å *føre, transportere*. Ordet *veg* har same opphav. Vågå må derfor tolkast som "ferdavegen". Og nettopp ferdsla mellom aust og vest har nok vore med og sett sitt preg på dalføret her i alle tider. Ein kan til dømes tenkje på den store transportaktiviteten som har vore på det islagte Vågåvatnet vinterstid. Den fleire mil lange isvegen må ha hatt svært mykje å seja som nettopp transportåre. Og mangesifra er nok talet på lass med hest og slede som har gått denne viktige ferdselsvegen.

## Gjende - "den stavforma, den beine"

Namnet *Gjende* er laga til det gamalnorske ordet *gandr*, som tyder *stav, kjøpp*. Ein må difor rekne med at namnet siktar til den *beine, stavforma* utsjånaden på vatnet. Truleg har den eldre avleiingsforma av namnet vore *Gendir*, som seinare har vorte til Gjende.

I same slengen er det naturleg å nemne innsjønamnet *Bygdin*. Namnet Bygdin er laga til gamalnorsk *bugr*, som betyr *bøyg, bukt, krok*. Bygdin blir etter dette å tolke som "*den bøygde*". Ut ifrå dette vil det vera naturleg å sjå Bygdin og Gjende som kontrastar, med tydingane "*den bøygde*" og "*den beine, stavforma*."

## Bessa - "bjørneelva"

*Bessa* er namn på elva som renn frå Bessvatnet til Øvre Sjodalsvatnet. Namnet kjem av det gamalnorske ordet *bersi*, som betyr *hannbjørn*. Dyrenemningar i stadnamn er vanleg. Til elvenamnet Bessa er det laga namn som Bessvatnet, Besseggen, Besshøe, Bessfjellet, Besstronde og Bessheim.



Gjende. Naustet til Gjendebåten under byggjing. Utlån Dag Aasheim.

**Kalven - "noko mindre som ligg ved sida av noko større",  
"vedheng"**

*Kalven* er namn på sætra som ligg heilt i sørenden av Lemonsjøen. Olav T. Beito, som har skrivi om norske sæternam, meiner namnet kan vera eit eldre usamansett namn på det som i dag heiter Kalvfjellet, og som ligg like ved.

Vel så rimeleg er det å rekne med at *Kalven* opphavleg har vore namn på den djupe vika akkurat i enden av Lemonsjøen, tett innat den nemnde sætra. *Kalven* er vanleg som namn på noko mindre som ligg ved sida av noko

større, eit vedheng. Og assosiasjonen til dyreriket er tydeleg. I stadnamn er kalv mest vanleg å finne som namn på øyer (lita øy ved sidan av stor øy) og ved innsjøar/tjørner.

Det finst fleire eksempel – frå ulike delar av landet – på at ordet kalv, gamalnorsk *kalfr*, blir brukt i namn på eller ved innsjøar. Kalven kan og vera namn på *ei vik av ein større innsjø*. Vika i sørrenden av Lemonsjøen, som i dag blir kalla *Kalvvikje*, kan så avgjort sjåast på som eit lite vedheng til sjølege innsjøen. Ut ifrå dette er *Kalven* det opphavlege namnet på Kalvvikje, og dette har i neste omgang gjeve sætra namn.

Namnet *Tesskalven* lenger vest blir brukt, parallelt med *Lemonsjøkalven*, om sørrenden av Tessø. Bruken av -kalven i dei to namna kan vera tilfeldig, men det kan tenkjast at *-kalven* er overført frå eine staden til den andre. Innsjøane ligg parallelt og nær einannan. Det lyt og nemnast at det ligg ei lita tjørn i sørrenden av Tessø. Tjørna blir kalla Tesskalvtjønne eller berre Kalvtjønne.

### **Varpet - "samankasta steinhaug" eller "fiskeplass"**

Ordet *varp* er laga til det gamalnorske verbet *å verpa*, som tyder *å kaste*. Så når høna verp, "kastar" ho eigentleg egg, kan ein seia. Det finst ulike tydingar av ordet varp i dag. I stadnamn er nok det aller vanlegaste at varp har tydinga "fiskeplass", stad der ein kastar ut net for å fange fisk. Men naturleg nok er desse namna mest frekvente i delar av landet med mykje notfiske. Likevel finn vi slike namn også i våre trakter.

Dersom vi held oss til landjorda, finn vi at *varp* har ei anna tyding, nemleg "*samankasta steinhaug, steinrøys*". Slike varp har vorte til ved at dei vegfarande har kasta frå seg steinar (og kvistar) før dei har gått vidare. Det kunne liggje overtruiske tankar bak ei slik handling, og meinings med den var å fri seg frå vonde makter.

Det var helst langs gamle ferdvegar slike varp eller steinrøyser fanst, og særleg ved vegdele eller der ein veg skifta retning var det naturleg med slike markeringar. På ein måte hadde dei vegfarande *plicht* på seg til å kaste ein stein på varpet for at det ikkje skulle bli borte.

Vi nemnde varp og overtru. Bakgrunnen for varpa kunne mellom anna vera minne om stygge hendingar og misferder. Einkvan kunne ha mist livet, enten på ein naturleg eller på ein meir uhyggeleg måte, og staden fekk gjerne ein tokke, ei uhygge ved seg. For å fri seg frå eventuelle vonde makter og vette, vart ein stein eller pinne kasta på varpet, noko som da skulle føre lykke med seg. Namnet *Varpet* er kjent fleire stader frå som namn nettopp på slike samankasta steinrøyser langs gamle vegar og råk.

# Skinnbrev på Uppigard Kvarberg

Transkribert av Ivar Teigum

Vij Epther Schrijftne men peter Jngelbriitsøn Jon Olafssøn paa  
Suene oc Oluff Suensøn paa viisdall [kv-d] oc giørre for  
vitterligt med thette vort opne bref at aar effter gudz  
byrd mdlxxv vore vij paa Øffuerlid liggend paa Lom  
oc hørde vij at Ændre Knudssøn oc Erich Jonsøn avsporde  
Beritte Amundz datter om hon viste at Siugur Lax schulle  
verre Trond Hellens Echte søn, oc bad hennes sege der om  
saa møget som hon viste emellom gud oc sin siæl salighed  
som at verre, til hvilchiet forne beritte suarede, oc holt  
baade sine hender op oc bad sig saa gud till hjelp at  
hun thet aldrige viste at Siugur Lax var trond Hel-  
lens echte søn, oc thet aldrige hørt hafte at thette  
saa ij sanhet er som for schriftens staar tryckits vij vorre  
insegle neden for thette vort opne bref giftum oc schriftum  
vt supra then 24 Dag Martij Anno Domij

Oversetjing av Knut Raastad

Vi underskrivne menn Peter Ingelbritsen, Jon Olafssen på  
Sveine og Oluf Svensen på Visdal og gjer for  
vitterleg med dette vårt opne brev at år etter Guds  
fødsel 1575 var vi på Øverli som ligg i Lom  
og vi hørde at Endre Knutssen og Erik Jonsen spurde ut  
Berit Amundsdotter om ho visste at Sjugur Lax skulle  
vera Trond Helles ekte sønn, og ba henne seia  
så mykje som var om dette som ho visste mellom gud og si  
sjæls salighet,  
til dette før nemnde Berit svara, og heldt  
opp både hendene sine og ba seg så gud til hjelp at  
ho det aldri visste at Sjugur Lax var Trond Hel-  
lens ekte son; og det aldri hadde hørt at dette  
så i sanning er som for skrifta står, trykkjer vi våre  
segl nedanfor dette vårt opne brev gjeve og skrivi  
som vist til over den 24. mars i det Herrens år.


V<sup>e</sup> Epiger Schrifftne wen peter Zngettbiurfon son Olkesson paa  
Sirene oc Olrik Sirensen paa myndall skreming oc gitare for  
Ritterlyt med tgette Mort opre breff ar aar efter 399  
lyrd in d text wore mij paa offverleid ligzend paa lam  
oc gønde mij an Andre Fimdsen oc Erick Jonson av spord  
beritte Amund dotter om gou wifte at Singur lax fælle  
merre Trond Gellens ekte son, oc bad hemme sege der om  
sa idget som gou wifte emellom god oc fin fælt feligget  
taur at merre, tull Græschier forme beritte fñarede, oc joer  
baade fælt hender op oc bad lüg saa god tull hielp ar  
him eger aldrige wifte at Singur lax war trond gel-  
lens ekte son, oc eger aldrige hør hafise ar tgette  
sa jø sanget er som for Schrifftne fñau tryckter wij worre  
Insegle nedro for tgette Mort opre breff giftin oc Schrifftne  
wt supia gen 27 dag Marcij anno domini

Skinnbrev på uppigard Kvarberg. Foto Geir Holen og Asbjørn Kvarberg.

# Ein fangstgradient i særklasse

Av Per Jordhøy, Runar Hole og Endre Hage

Dei ligg på rekkje og rad, reinfangstanlegga i Reinheimen. Frå Slådalen i aust til Lordalen i vest (om lag 35 km) finn ein 3 store og 3 små rusefangstanlegg, samt 2 fangstgroprekker langs det ein trur har vore hovudtrekkorridoren i reinen sine beitevandringar. I tillegg finns fleire andre større fangstanlegg ved lokale trekkkorridorar. Hausten 2008 vitja vi Gravdalen, sentralt i den austlege delen av Reinheimen, for å finne og kartlegge eit av desse anlegga. Etter å ha studert dette, forstår vi godt kvifor fangstminnegranskaren Øystein Mølmen kalla denne dalen for "Fangstkulturens Mekka". Ein annan Lesjing og fjellmann, Rolf Sørungsgård (no miljøvernrådgjevar i Lesja kommune), oppdaga anlegget allereie på 1960-talet. Og slik er det gjerne, lokale fjellfolk er da levande opteke av fjellhistoria si og har eit vell av kunnskap om dette og hitt!



Rusefangstanlegget i Gravdalen mellom Lesja og Vågå. Viktig nedarva kunnskap om reinen og fangsttilhøva låg i si tid til grunn for konstruksjonen av dette eineståande anlegget. Pilene antyder moglege rørsler til dyra når dei vart drivne inn mot anlegget (Kart: NINA v/Frank Hanssen).

## Bakgrunn

I det meste av etteristida har villreinen vore ein avgjerande ressurs for busetjinga i vårt land og Skandinavia elles. Som natur- og kulturarv har villreinen difor ein særskild plass i mange nordmenn sitt medvit. Mange arkeologar og viltgranskarar har gjennom tidene studert og kartlagt gamle fangstanlegg i fjellet. Mykje kunnskap om emnet har difor vore fremja over lang tid.

Miljømyndighetene har lenge peika på dei aukande trugsmåla mot villreinen og tilhøyrande leveområde i Norge, og det internasjonale ansvaret vi har teke på oss for denne arten. Det nomadiske leveviset gjer at reinen treng tilgang til store uforstyrra fjellareal. Fragmenteringa i villreinen sine leveområde held likevel fram bit for bit, på grunn av press frå ulike utbyggingsinteresser med fjellet som målfaktor. Villreinen vert i dag forvalta innan heile 23 ulike område i Sør-Noreg og dette fortel kor oppstykka dei



*Fangstbåsen i den vestre rusa. Stolpehol viser at fangstfolka her har nytta tregjerde. Gjeilen hellar svakt ned mot ein oppmura avsats og fangstbåsen (Foto: Per Jordhøy).*

tidlegare samanhengande leveområda har vorte. For å dokumentere denne utviklinga finns det mange innfallsvinklar. Ein måte er å sjå på kva kartlegging av dei førhistoriske spora kan fortelje oss, i eit tverrfagleg samarbeid mellom arkeologar og biologar.

Innsamling, tilrettelgging og ein meir aktiv bruk av denne kunnskapen er vonaleg eit viktig verktøy for å kunne gje villreinen eit betre vern inn i framtida. Den gjev oss betre haldepunkt for tolking av arten sin tidlegare totalbruk av den skandinaviske halvøya, herunder forståinga av dynamikken i denne arealbryken. Den vil også kunne gje auka kunnskap om samværet villrein/menneske opp gjennom historia. Her er ressursen sin lokalisering – i dette høve villreinen – som grunnlag for busetningsstruktur og sosial organisering eit interessant aspekt (drift og vedlikehald av fangstsystema krevde utstrekta samarbeid og koordinering). Kanskje oppbygginga av denne sosiale strukturen kan følgjast heilt inn i vårt sosialdemokratiske samfunn?

Denne artikkelen skildrar trekk frå kartlagte fangstanlegg i Reinheimen, i regi av prosjektet "Fangstkultur i fjellet" ved NINA. Eit godt grunnarbeid er gjordt av fangstminnegranskaren Øystein Mølmen på 1960- og 70-talet.

### **Tverrfagleg samarbeid**

Når ein studerer dette mangfaldet av spor etter våre jaktande forfedre, blir det gjerne mange spørsmål og få sikre svar. Difor er det alltid viktig å trekke inn andre røynde fagfolk til å vere med og tolka anlegga sin funksjon. Her er ikkje minst samane ein viktig ressurs. Dei har levd med reinen meir enn noko anna folkegruppe i Skandinavia.

### **Eit godt døme**

Fjellområdet mellom Ottadalen og Gudbrandsdalen sitt hovuddalføre, Reinheimen, har ein beitegradient for rein som er av dei mest intakte innan norske villreinområde. Store lavheier i aust og frodige grøntbeite i vest, heilt ut mot kystfjella. Men det er i den austlege delen, aust for Lordalen, ein finn det meste av fangstanlegga. Sjølv om lavbeita dominerer i denne delen er det mange stader ein mix av både sommar- og vinterbeite. Difor har det nok ikkje vore berre sesongtrekk her, men også mykje trekkaktivitet gjennom barmarksesongen. Fangstvilkåra har nok difor vore gode, og det tyder også mangfaldet og mengda av fangstanlegg her på.

Heilt i aust ligg "Verket" (1) som vart funne av historikar Tor Einbu frå Lesja i 1999. Dette er eit stort rusefangstanlegg der ein har bægd dyra inn i ei stor samlekve, og deretter porsjonert nokre dyr om gongen inn i ei avlivingskve i spissen av rusa (Jordhøy 2005). Vangsvadet (2) er ei fangstgroprekke som har fanga opp trekkjande rein når dei har passert elva Skjærsva (Jordhøy 2005). Gravdalen (3) er eit større rusefangstanlegg som ligg strategisk i ein tverrdal (Mølmen 1988). Dette er av dei mest spektakulære rusefangstanlegga som er funne i norske fjell. I dette området finn ein og nokre av dei best bevara fangstgropanlegg ein kjenner til (steinmura). Ved Leirungsvatnet finns restane etter etter eit anna rusefangstanlegg, der reinen har vore styrt utpå vatnet og vorte innhenta/avliva ved hjelp av båtar/jegrar (4). Dette anlegget er førebels berre synfart. Ved Trihø ligg eit mindre rusefangstanlegg og ein oppmura fangstbås (Jordhøy 2007), der det berre har vore høve til fangst av eit mindre tal dyr (5). Ved Fellingvatnet (6) ligg eit anlegg som liknar på nr. 4, men av langt større format og med meir tydeleg struktur (Jordhøy 2007). Til slutt har vi Lordalsanlegget (7) som har fanga opp hovudtrekket over Lordalen. Dette er ei lang fangstgroprekke der ein finn både steinmura og jordgravde fangstgropar (Jordhøy 2007).

### **Gravdalen – fangstkulturens "Mekka"**

Aust i Reinheimen går det fleire mindre dalføre i aust-vestretning. Den største, Finndalen, ligg i sør, og nord for denne går to sidedalar, Gjerdingdalen og Skjærvedalen. Mellom desse går det ein tverrdal, Gravdalen (Vågå kommune). Dette har vore og er eit viktig kryssingspunkt for reinen når den trekkjer i aust-vestretninga her. Det er difor ikkje tilfeldig at fangstfolket har bygd fangstanlegg nett her. Mølmen (1988) gjekk i si tid opp anlegget og laga skisse over det, og vi var no endeleg budd på å måle det opp ved hjelp av GPS – etter at vi lenge har hørt mange gjetord om dette anlegget. I nokre fine septemberdagar i fjor fekk vi i dette urørde fjelllandskapet oppleva noko av dei finaste og mest intakte fangstanlegga vi har sett. I særstilling står sjølv sagt rusesystemet på nord-sida av Gravdalsåa (1370-1430 m.o.h.). Det inneheld to opne ruser som går inn i kvarandre med fangstbåsar i endene. Ein sjeldan, men sikkert effektiv struktur vil vi tru. Den austre fangstbåsen har vore konstruert ved hjelp av bergnabbar og oppmuring og moglegvis noko tregilder i tillegg og den vestre har hovudsakleg vore konstruert ved hjelp av trejerde med noko oppmuring i tillegg. I likheit med andre liknande system

ser ein også her at stolpefesta inn mot fangstbåsane er grove og tyder på at det har vore kraftige tregjerde inn mot desse. Den austre rusa hellar i aukande grad nedover medan den vestre ligg i stigande terreng før det flatar ut og hellar litt ned mot fangstbåsen Bægja til rusene har vore konstruert av steinmurar/varder og/eller trestolpar. Vi fann mange tydelege stolpehol som var steinsett i bægja og GPSposisjon vart teke på alle punkta. Sjølve bægja til rusene er om lag 200-250 m lange. I tillegg er det eit bægje på om lag 300 m i forlenginga av det nordre bægjet (rusearmen) på den vestre rusa. Truleg har dette hatt ein viktig funksjon for å fange opp trekkande dyr. Anlegget er lagt slik i terrenget at det ved hjelp av driving skulle fange effektivt same kva retning reinen kom frå (trur vi da). Det har enda opp i eit slags knipetangsystem, kan det sjå ut som.

### **Nær intakte fangstgropar ... og ein mistenkjeleg ildstad!**

I sjølve Gravdalen ligg og fleire grupper med steinmura fangstgropar. Dette er svært vanlege fangstminner i norske fjell, men desse skil seg ut fordi dei er særleg intakte/i god stand. Ein skulle nesten tru dei var oppmura nyleg! Her kan ein verkeleg få innblikk i fyrsteklasses murarbeid. Var dei driftuge bønder og jegrar frå Vågå, desse hardhausane som trassa sluddbyger og nordavind – for å leggje seg etter grådyra og livgjevande proteintilskot? Ettersom vi sig ned mot Gravdalsåa i skyminga stoggar vi på ei lita graskledd terasse. Runar peikar på eit lite hellelagt område og vi assosierar raskt med noko liknande vi såg på Dalsida i Lesja i 2006, som med sikkerheit var samiske búplassar! Kan det vere mogleg? Har vagværane hatt med seg fagkonsulentar frå nord når dei bygde og drifta rusefangstanlegget? Vi fekk meir enn mykje å tenkje på undervegs ned til gjætarbua i Skjærvedalen denne fine haustkvelden, og diskusjonen gjekk som dykk forstår på høggir – avbrote av lave skarvrap og garting frå dei eigentlege grunneigarane i området ...



*Mystisk! Eit hellelagt område minner oss sterkt om noko vi har sett før, ein eldstad på ein samisk buplass (Foto: Per Jordhøy)*

#### Litteratur:

- P. Jordhøy, K. Binns Støren og S.A. Hoem 2005: Gammel jakt- og fangstkultur som indikatorer for eldre tiders jaktorganisering, ressurspolitikk og trekkmønster hos rein i Dovretraktene – NINA Rapport 19.
- P. Jordhøy 2007: Gamal jakt- og fangstkultur som indikatorar på trekkmønster hjå rein i Sør-Noreg. Kartlagde fangstanlegg i Rondane, Ottadalen, Jotunheimen og Forelhogna. – NINA Rapport 246.
- Ø. Mølmen 1988: Jakt- og fangstkulturen i Skjåk og Finndalsfjellet.

Artikkelen er også publisert i "Villreinen 2009, Årbok med aktuelt stoff fra Fjell-Norge" utgjeve av villreinrådet i Norge

# Oldsaksamling i Vågå

## Arkeologiske funn og gjenstandar på utlån frå Kulturhistorisk museum

Av Hanne Lovise Aannestad, Kulturhistorisk museum

Lørdag 3. oktober åpnet utstillingen "Oldsaksamling i Vågå. Arkeologiske funn og gjenstandar på utlån frå Kulturhistorisk museum". Utstillingen var et samarbeidsprosjekt mellom Vågå kommune, Vågå historielag, Gudbrandalsmusea samt Kulturhistorisk museum. Fra Kulturhistorisk museum var utlånet en del av et større prosjekt hvor museet ønsker å generere ressurser og å koordinere utlånsvirksomheten for å kunne håndtere flere av utlåns forespørselene som museet får inn.

Utgangspunktet for utvalget av gjenstander til utstillingen at de ulike arkeologiske periodene; stein-, bronse-, jern- og middelalder (fig. 1), skulle representeres gjennom en eller flere gjenstander, og at utstillingen skulle fokusere på landbrukets fremvekst i Vågå. Gjenstander er konkrete biter av fortiden. Vi håper at gjenstandene vil binde sammen fortid og nåtid og bli et medium for refleksjon om fortiden i Vågå. I det følgende vil gjenstandene bli presentert slik de står utstilt (alle foto fra Kulturhistorisk museum).

### Monter I (til venstre nærmest inngangsdøren)



### **Fangstboplass fra Nedre Heimdalsvatn**

I forbindelse med planlegging vassdragsutbygging i Vågåområdet på 1960- og 70-tallet ble det foretatt omfattende registreringer av fornminner. Mange av disse var steinalderboplasser som lå i strandsonen.

Gjenstandene som er utstilt kommer fra en boplass som ligger på en morenehaug på sørsiden av Nedre Heimdalsvatn. Bopllassen ligger på toppen av haugen og litt ned mot vannet over et område på ca. 15x20 meter. Funnet representerer et typisk materiale fra en fangstboplass fra yngre steinalder og omfatter én pilspiss samt flekker og avslag av flint, kvarts/kvartsitt og bergkrystall.

En flekke er et avslag av flint som er dannet ved et slag mot flintsteinen (kjernen). Eggene på slike flekker blir svært skarpe og flekkene har derfor vært i bruk som skjæreredskaper. De kunne også bearbeides videre til pilesisser eller andre redskaper.

### **Beltestein fra Søndre Kleppe**

I samme monter som bopllassenfunnet er det utstilt en beltestein fra folkevandringstid (ca. 400-600 e.kr.). Beltesteiner er ildslagningsredskaper.



De er som oftest fremstilt av kvarts, kvartsitt eller sandstein og har en karakteristisk spissoval form. Ved å slå et sylligende redskap av jern eller stål mot stein skapes det gnister som igjen vil antenne tørt materiale.

Forsøk viser at for å slå gnister med de hardere steinslagene som kvarts og kvartsitt må man benytte stål, mens med sandstein holder det å bruke jernredskaper. I tilegg til beltesteinen og syl trengte man tørt materiale som kunne antennes av gnistene. Fra nyere tids bruk av flint og ildstål vet man at knusk har vært brukt. Knusk er tørket sopp som vokser på bjørk (kjuker lat. *Polyporus fomentarius*) og som i bearbeidet tilstand kan oppbevares i en lukket beholder. Kjuken ble kokt og tørket og deretter knust til en myk masse. Som navnet tilsier har beltesteinen blitt båret i belteregionen, enten som del av beltet eller hengende fra beltet. Mange av steinene har rester av korrodert jern i den omgående slipte furen som går rundt steinen og dette tilsier at det har vært festet et jernbånd her.

Beltesteinene har vært i bruk i Skandinavia i perioden 100-500 e.Kr.

I denne perioden endret de form fra runde vannrullede naturstein til de fint formede og slipte spissovale steinene som steinen fra Gammelseterbakke er et eksempel på. Mot 500-tallets slutt går man over til å bruke ildstål og flint og dette er i bruk frem til fyrstikkene ble allment tilgjengelig mot midten av 1800-tallet.

Den utstilte beltesteinen er av kvartsitt og formen er typisk spissoval. Steinen har en innrisset rille som går rundt siden av steinen. I denne rillen har det vært et jernbånd eller lignende og steinen har sannsynligvis vært festet til beltet, enten hengende fra et belte eller som innfattet i selve beltet. Steinen har svake slitespor på hver side, dette er rester etter bruk. Lokaliteten hvor steinen ble funnet heter Gammelseterbakke og ligger ca. 1 km sør for tunet på gården Søndre Kleppe i Vågå. Beltesteinen ble funnet våren 1972, ved nyrydning, av gårdeierne Tjøstolv og Tor Kleppe, og ble gitt i gave til Kulturhistorisk museum. Beltesteiner kommer ofte inn til museet som løsfunn, dvs. at de ikke er funnet sammen med andre gjenstander. Likevel er det trolig at steinen opprinnelig har ligget i en grav uten at dette kan fastslås med sikkerhet.

## **Monter II. (den andre monteren på venstre hånd etter inngangsdøra)**

I dette monteren er det utstilt to økser, en flintøks og en bergartsøks.

Begge øksene er fra yngre steinalder.

### **Flintøks fra Bilben i Sel kommune**

Øksa er av flint og er av en type som kalles tykknakket slank. Denne typen økser har fellestrek med økser man finner lenger sør i Norge og på Kontinentet. Øksetypen er å finne i områder med jordbruksbosetning og kan settes i forbindelse med kontakt med og utvikling av en jordbrukskultur i området. Tykknakkede flintøkser dateres til yngre steinalder, mellomneolitikum, dvs. 2800-2400 f.Kr.



### **Bergartsøks fra Skjåk allmenning, Skjåk**

Den andre øksa som er utstilt er en bergartsøks. Bergarten er mørk grå, svært finkornet og skifrig. Øksen er tykknakket og hulegget og kan trolig dateres til mellomneolittisk stridsøkskultur, dvs. 2800-2400 f.Kr.



Flintøksen er funnet på Bilben i Sel kommune sør for Vågå og bergartsøksen er funnet på den kommunale søppelfyllinga i Billingsdalen, i Skjåk allmenning i Skjåk men den ble trolig brukt dit med masser fra et sandtak på Pollyoddan, også i Skjåk allmenning. Grunnen til at vi har tatt med disse øksene er at de viser en kulturell tilknytning mellom Gudbrandsdalen og områder lenger sør i Norge og på Kontinentet.

### **Monter III (andre monter på høyre side fra inngangsdøra)**

#### **Lauvkniv fra Holbø**


Lauvkniv eller "snidill" som det også kalles er et redskap knyttet til jordbruk i yngre jernalder. Den har vært brukt til å samle lauv til dyrefor. Bladet er forholdsvis rett med en karakteristisk krok i enden. Lauvkniver er kjent i det arkeologiske materialet fra yngre bronsealder/eldre jernalder i Europa, og i Norden har man noen få eksemplarer av en liten type lau kniv fra eldre jernalder (Myrdal 1982:100). Denne typen lau kniv som er utstilt er en særtyp fra yngre jernalder/vikingtid og i Norge har denne typen lau kniv spesielt stor utbredelse i Oppland og finnes nesten utelukkende i mannsgraver (Petersen 1952).

Lauvkniven er funnet på gården Holbø i Vågå. Lauvkniven kom inn til museet sammen med mange gjenstander som var samlet opp på samme gård og trolig stammer fra minst to forskjellige gravfunn. Vi vet ikke hvem som fant gjenstandene men de var en gave fra bokhandler W. M. Gram.

#### **Gravfunn fra Kvarberg**

Gravfunnet som er utstilt er datert til eldre vikingtid (ca. 800-900 e. kr.) og er funnet på Kvarberg nedre i Vågå kommune. Funnet kom samlet inn til museet i 1875 eller 1876. Funnet er representativt for gravfunn fra yngre jernalder samtidig som det har en litt spesiell sammensetning. I tillegg til sverd og spyd som er forholdsvis vanlig inneholder gravfunnet flere gjenstander som er mer sjeldne. Disse gjenstandene kan alle knyttes til hestehold. Hesteutstyr i graver har trolig vært et uttrykk for høy status i vikingtidssamfunnet.

Alle gjenstandene fra graven har rester av det vi kaller glødeskall i overflaten. Dette tyder på at på et tidspunkt har disse gjenstandene blitt kraftig oppvarmet. Dette betyr antagelig at den døde ble kremert sammen med gravgavene, noe som var forholdsvis vanlig i vikingtiden. Det er sannsyn-



lig at alle gjenstandene stammer fra samme grav ettersom de har samme overflatebehandling og omtrent samme datering. Man finner både skjelettgraver og kremasjonsgraver fra vikingtiden, omtrent halvparten av hver. Vi vet ikke om dette er mer eller mindre tilfeldig eller om de ulike gravskikkene kan tyde på ulike religiøse forestillinger i samtiden.

Våpen er, sammen med smykker og visse redskaper, vanlig å finne i graver fra vikingtiden. Mannsgravene kan inneholde ett eller flere våpen med øks, spyd/lanse og sverd som de vanligste typene. Fra blant annet Gulatings- og Frostatingsloven vet vi at det var strenge regler mht bevæpning. Gulatingsloven sier at hver mann skal ha et bestemt våpensett: spyd, skjold og øks – eller spyd, skjold og sverd. Dette er de såkalte folkevåpnene. Det medførte bøter dersom man manglet noen av våpnene. Loven foreskrev videre hvordan ubemidlede skulle skaffe seg våpnene. Øksen var det billigste våpenet, og det første våpen man måtte skaffe seg. Dernest kom spydet, og til sist sverdet. Mye tyder på at disse lovene i alle fall gjaldt tilbake på 900-tallet.

### **Enegget sverd**

Sverdet fra Kvarberg er av en spesiell type. Sverd blir gjerne ordnet typologisk og kronologisk etter formen på hjaltet (håndtaket), og det er ikke funnet andre sverd med denne akkurat hjalteformen i Norge (Petersen

1919). Det har imidlertid så store likheter med andre typer sverd at det kan dateres til første halvdel av 800-tallet, altså tidlig vikingtid. Vi vet ikke om sverdet er produsert i Norge eller om det er importert. Det er i alt funnet 17 sverd fra yngre jernalder i Vågå kommune (Tall hentet fra Kulturhistorisk museums gjenstandsdatabase/Oldsaksamlingens tilvekstkatalog).

I vikingtid ble sverdet først og fremst brukt som et huggvåpen, og var utformet med tanke på dette. Sverdene kunne være med én eller to egger, dette sverdet er enegget. Grepet var tilpasset en hånd og dette gjorde av sverdet fungerte som et huggvåpen. Sverdene ble brukt i nærkamp, mann mot mann og det var viktig å hugge fort og hardt. Det var også viktig å kunne bruke begge hendene like godt og veksle mellom høyre og venstre hånd. Ett hugg fra sverdet kunne påføre motstanderen store skader og det var et effektivt drapsvåpen. Nyere undersøkelser av skjelettet til mannen som ble gravlagt i Gokstadskipet på midten av 800-tallet viser flere huggskader påmannens bein, trolig fra et sverd. Å hugge etter motstanderens bein var en vanlig kampteknikk i vikingtiden.

### **Spydspiss**

Spyd var stikkvåpen og kunne kastes eller brukes i nærkamp. De fleste spydene fra vikingtid manglet mothaker, noe som trolig har gjort de bedre egnet til stikkvåpen. Spydspissen fra Kvarberg er, i likhet med sverdet, av en type som dateres til tidlig vikingtid, altså første del av 800-tallet.

### **Saks**

Saks er en vanlig gjenstandstype å finne i graver fra Vikingtid. Denne saksen er av en type som kalles sauesaks og som har vært i bruk for å klippe ull på sauer frem til nyere tid. Vi finner store saksar som denne fra Kvarberget både i kvinnegraver og i mannsgraver. Saksen fra Kvarberget er av en forholdsvis vanlig type uten spesielle daterbare trekk. Saks var også i bruk i forbindelse med tekstilfremstilling, spinning, sør og veving, men trolig var det de mindre saksene som ble brukt til dette (såkalte broderisaksar). De fleste saksene er funnet i kvinnegraver, men det er et forholdsvis vanlig redskap både i manns- og kvinnegraver. De største saksene er som oftest fra mannsgraver mens de minste er fra kvinnegraver. De såkalte broderisaksene, noen med dekor, stammer så å si utelukkende fra kvinnegraver.

## **Munnbitt/bissel**

Munnbitt eller bissel er sammen med andre typer hesteutstyr relativt utbredt i graver fra vikingtid. Som det øvrige hesteutstyret er de fleste bislene er funnet i mannsgraver. Bisset fra Kvarberg er av en type som man finner både i siste del av merovingertid og vikingtid, altså ca. 700-1000 e.Kr. Bisset er av typen leddbissel og har en litt uvanlig form med forholdsvis små ringer og 8-tallsformet ledd i midten.

Det var vanlig å gravlegge mennesker med dyr i vikingtid. I Oseberg- og Gokstadgravene fra Vestfold ble det funnet rester av 12 hester i hver grav, i tillegg til okser, hunder og en påfugl (Gokstadgraven).

## **Rangle og falkrok.**

Ranglen fra Kvarberg er i likhet med sverdet og spydet av en eldre type som kan dateres til tidlig vikingtid, altså første halvdel av 800-tallet.

Vi vet ikke sikkert hva rangle og falkrok har vært brukt til. Vi finner disse gjenstandene i forholdsvis rike graver som også inneholder hesteutstyr. Derfor tror man at ranglene har en sammenheng med det øvrige hesteutstyret. I Oseberggraven ble det funnet rangler som var festet til tau, vogn og de såkalte ”dyrehodestolpene”. Vogner er også avbildet på tekstilene i Osebergfunnet som del av et opp tog. Dette tyder på at ranglene og krokene har hatt en rituell betydning, kanskje som en form for musikkinstrumenter brukt i seremonier og opp tog.

## **Remendebeslag**

I likhet med bisset fra Kvarberg består remendebeslaget av to doble beslag festet i en oval ring hvor det igjen er festet en rund ring. Dette er en type seletøysbeslag som har vært bruk frem til nyere tid og som kalles *ørering*.

## **Monter IV (første monter på høyre side etter inngangsdøra)**

### **Rydlandfunnet**

Gjenstandene som er funnet på gården Rydland i Vågå stammer fra steinalder, jernalder og middelalder og er samlet opp av grunneierne under jordarbeid over en lengre periode. Funnet består av en grønnsteinsøks,

en skiferpil og en flintflekke, alle dateret yngre steinalder (omtalt under avsnitt om steinalder). Videre er det funnet en pilspiss og en kniv, begge av jern, et skår av kleberkar som har blitt omgjort til en liten bolle, et stort spinnehjul eller kjerringrokk og seks mindre spinnehjul, hvorav to av sandstein og fire av kleberstein. Pilspissen og kniven av jern er ikke konservert og det var derfor ikke mulig å stille ut disse to gjenstandene sammen med resten av funnet, men de er likevel kort omtalt nedenfor.

### **Grønnsteinsøks**

Øksa fra Rydland er av finkornet grønnlig mørkegrå bergart. Øksa er av en type som kalles tykknakket, tverrbladet, tverregget og kan løselig dateres til stridsøkskulturen i mellomneolittikum, 2800-2400 f.kr., altså samme periode som øksa fra Pollyoddens i Skjåk.



### **Skiferpil**

Pilspissen av skifer er delvis bevart i nedre del og kan som øksa dateres løselig til mellomneolittikum (2000-1800 f. Kr.). I motsetning til øksa er skiferpiler og slipte skifergjenstander generelt forbundet med fennoskandinavisk fangstkultur. Kanskje viser øksen og pilen at det har bodd folk fra ulike folkegrupper i Vågå i løpet av denne perioden?

## **Flintflekke**

Flekken er dateret til neolitikum, altså yngre steinalder (4000-1500 f. Kr.). Flekker er avslag som er dannet ved at man slår en Stein mot en større flintknoll (kjerne). Avslaget eller flekken har to skarpe egger og kan brukes som skjæreredskap eller bearbeides videre til pilespisser eller andre redskap.

## **Pilspiss av jern (ikke utstilt)**

Pilspiss av jern fra yngre jernalder. Pilspissen har en form som kalles spiss-oval og denne typen pil kan dateres til vikingtid, 800-1000 e.Kr. Piler av denne typen er vanlige i mannsgraver fra vikingtid men vi finner også mange i høyfjellet som løsfunn. De sistnevnt er trolig rester etter villreinjakt. De siste årene har Kulturhistorisk museum fått inn mange piler av denne typen som har blitt funnet i høyfjellet i områder hvor isbreene har smeltet ned. Enkelte av disse pilene har skaftet intakt. Skaftene har vært av tre og kan ha vært opptil 70 cm lange. Pilene har vært surret fast i enden enten med tråd eller annet organisk materiale og mange av skaftene har hatt styrefjær.

## **Kniv av jern (ikke utstilt)**

Kniven er av jern og har en form som daterer den løselig til eldre jernalder (0-500 e. Kr.). Kniven var et viktig redskap da som nå, både i utearbeidet og innearbeidet. Fra yngre jernalder er knivene kjent fra svært mange gravfunn, både fra kvinnegraver og mannsgraver, men et flertall stammer fra mannsgraver. Knivene har hatt skaft som vanligvis har vært laget av et organisk materiale som tre, horn eller bein. I likhet med pilskraftene har dette organiske materialet råtnet bort i de fleste tilfeller.

## **Skår av kleberkar/skål**

Av formen ser vi at den lille skålen av kleber er dannet av et skår av et større kar som har gått i stykker. Gjenbruk av deler fra istykkerslåtte kar er forholdsvis vanlig. Kleberstein er det vanligste materialet for fremstilling av kokekar i vikingtid og tidlig middelalder (se eget avsnitt om kleberstein).

## **Spinnehjul/kjerringrokk**

I "Rydlandfunnet" ble det til sammen funnet 7 spinnehjul hvorav det ene er vestentlig større enn de andre og trolig er det vi kaller en kjerringrokk, nærmere omtalt lengre nede i teksten. Av de seks ordinære spinnehjulene er fire av kleberstein og to av sandstein.



Spinnehjul er en del av håndteinen, et av redskapene som ble brukt i tekstilfremstillingen i jern- og middelalder og frem til nyere tid. Spinnehjul er den gjenstandsgruppen som er vanligst å finne i kvinnegraver fra jernalder. I tillegg er det funnet svært mange løsfunn av spinnehjul som ikke kan dateres. Spinnehjulet var festet på en tein av tre, og fungerte som tyngde for å holde håndteinen stabil (se figur1). Selve spinnehjulet kunne fremstilles i ulike materialer: keramikk/brent leire, horn, metall (bly, bronse), serpentin og rav, men det vanligste var stein; bergart, sandstein og kleberstein. Spinnehjulene kunne ha ulike former, men i vikingtid og middelalder var de fleste forholdsvis enkle uten ornamentikk, med flat eller hvelvet over- og underside. Fordi dette er en vanlig form både i yngre jernalder og middelalder er det umulig å si noe mer om dateringen av spinnehjulene fra Rydland.


Som nevnt er spinnehjul en av de vanligste redskapstypene i kvinnegraver fra jernalder. Det at så mange kvinner fikk med seg spinnehjul i graven kan tyde på at spinnehjulet hadde en symbolsk rolle. Gravgavene var trolig valgt ut fra bestemte kriterier, men det er sannsynlig at det var gjenstander som var viktig for den avdøde og for samfunnet rundt vedkommende.

Et av spinnehjulene er større enn de andre og er trolig del av en kjerringrokk eller det man kaller svinghjul til drill. Svinghjulet er også av kleberstein. Svinghjulet eller kjerringrokken fungerte som tyngde ved boring i tre.

Størrelsen på kjerringrokker varierer og kjerringrokken fra Rydland er av en forholdsvis liten type. Det er også her vanskelig å si noe eksakt om dateringen da kjerringrokken ikke er funnet sammen med andre gjenstander, men de fleste kjerringrokker som er funnet i graver stammer fra merovingertid eller eldre vikingtid, dvs. ca. 600-900 e.Kr.

#### Avsluttende kommentar

Utstillingen er et resultat av valg. Det er mange flotte funn som er gjort i Vågå, og utvalget er gjort på bakgrunn av konserveringshensyn, utstillingstema og praktiske hensyn. Vi håper utstillingen vil skape refleksjon rundt fortiden og at tingene vil fungere som et bindeledd mellom fortidens mennesker og de som lever i Vågå i dag. Vi håper også at utstillingen vil føre til økt interesse for å ta vare på fortidens materielle levninger.



#### Litteratur:

- Hedeager, L. og Østmo, E. 2005 Arkeologisk leksikon. Pax, Oslo.  
